



## Notat

Dato: 26.09.2014  
Arkivsak: 2014/557-65  
Saksbehandlar: ingtakl

---

**Til:** Kultur- og idrettsavdelinga

---

**Frå:** Fylkeseldrerådet

---

### **Høyringsuttale PREMISS; KULTUR - frå fylkeseldrerådet**

Fylkeseldrerådet meiner den regionale kulturplanen er ein særsla bra og omfattande plan. Planen gjev eit tydeleg bilet av mangfald innan kultur som fylkeskommunen og kommunane skal satse på i åra frametter.

Fylkeseldrerådet vil kome med nokre merknadar/synspunkt som rådet er oppteken av.

#### **Den kulturelle spaserstokken.**

Den kulturelle spaserstokken er særdeles naudsynt når det gjeld formidling av ulik kultur til dei eldre i kommunane. Fylkeseldrerådet vil be om at ein får delta i prosessen om tildeling.

Fylkeseldrerådet meiner løyvingane bør aukast i åra framover. Fylkeskommunen bør syte for at det frå sentralt hald vert løyvd fleire midlar til kulturføremål for eldre. Ein vesentleg auke av talet eldre i åra framover bør vere ei tilstrekkeleg grunngjeving.

#### **Bibliotek**

Biblioteka er i dei siste åra vorte ein viktig møtestad for folk i alle aldersgrupper i mange kommunar. Dei eldre nyttar biblioteka i større grad enn tidligare der tilhøva ligg til rette for dette. Biblioteka er i fleire kommunar vorte ein viktig kulturaréa for mange eldre.

Fylkeseldrerådet meiner både fylkeskommunen og kommunane må syte for at alle kommunar har bibliotek der ulike kulturtildelinger og tilgjenge er lagt til rette. Biblioteka bør vere i rimeleg nærleik til brukarane.

Dei eldre har i aukande grad teke i bruk data og mange er flittige brukarar av digitale system. Biblioteka bør legge til rette for opplæring og nyttegjering av data der også dei eldre kan ta del i den teknologiske utviklinga på lik linje med folket generelt.

#### **Inkludering**

Kulturplanen legg vekt på ei sterkare inkludering av born og unge med fleirkulturell bakgrunn noko fylkeseldrerådet sjølv sagt er samd i.

Fylkeseldrerådet meiner det også er trøng for å inkludera dei eldre med ulik kulturell bakgrunn i ulik samanheng. Dette gjev eit breiare kulturelt mangfald.

Amatørkulturråd bør etablerast i alle kommunar, etter mal av idrettsråda.

Det bør finnast ein oversikt over alle verkemidlar og støttemidlar tilgjengeleg i fylket i planen.

Fylkeseldrerådet meiner at den eldre del av folket i det heile har interesse og deltek i ymse kulturtilbod på lik linje med folket elles.



Margot Bertheussen  
Leiar  
Fylkeseldrerådet